

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
5. 05. 2015	
Art. nr.	Leisnr.
14/1945	
Saknr.	Tilingsende

05-May-2015

Jostein Vike
 Vikanesvegen 66
 Vikanes 5994

Til Lindås kommune
 Geodata
 Kvernhusmyrane 20
 5914 Isdalstø

Retting av matrikkelen Gbnr. 219/2 og 17

(Dette er eit notat om Gnr.219 bnr.2 sitt utmarksområde på Vikasæter)

Laurdag den 31.august 2013 vart eg kontakta av Rolf Mårstig (bnr.17 på Vikanes) med eit matrikelbrev (av juli 2013) om at han hadde ein udefinert teig på Vikasæter.

Veka etter (36/2013) hadde eg telefonsamtalar og møte med Lindås kommune, Nordhordland sorenskrivarembete, Statsarkivet, Jordskiftekontoret og Statens kartverk om *påstanden!* men ingen hadde dokumentasjon om kva grunnlag og på kva måte bnr.17 var lagt inn på Vikasæter.

Hausten 2013 fekk eg melding frå Lindås kommune om at det var sett i gong prosessar for å finna dokumentasjon på korleis eit bnr.17-merke kunne ha kome inn på ei hytte på Vikasæter. Det var ikkje å finna.

Hytta på Vikasæter vart bygt i 1930-åra av Magne Haukøy og Wollert Bjørndal (nær slekt og familie med besteforeldra mine)

Haugen som hytta vart bygt på låg tett ved vår sæter (bnr.2)

Alt utmarksareal på gnr.219 var på den tida felles for bnr. 1 og 2, men skogen var delt i mange små teigar på fellesarealet.

Vikasæter låg i skogsteigen til bnr.1 Bnr. 1 aksepterte ikkje å overdra delar av sin skogsteig til andre eigarar. Far min, bnr.2, gav difor løyve til å byggja ei hytte på sitt fellesareal (for Haukøy og Bjørndal) utan at noko vart betalt eller skrive. Bnr. 1 planta tett med grantre i skogsteigen på "sæterhaugen"/ kring den nye hytta.

Magne Haukøy og Wollert Bjørndal budde på tettstaden Vikanes.

Ein tidlegare husmannsplass (for bnr. 2) vart delt i to i 1947, og Haukøy fekk det nye arealet med bruksnummer 17. Tomta som Bjørndal budde på fekk i 1894 bnr. 3.

I 1970 - 1974 var det jordskifte av utmarka til gnr. 219.

Nordhordland sorenskrivarembete la den 10. mars 1965 fram matrikeloppgåve for Vike på gnr. 219. Alle bnr. var med i jordskifte i desse fire åra. Hovudoppgåva var samordning av areal og skog. Utmarksarealet vart delt i to, bnr. 1 fekk austre areal og bnr. 2. fekk vestre areal (med Vikasæter) Bnr. 1. sitt stølshus på Vikasæter vart ramma inn som stølshusteig med eigne grenser: Grense 11. (Hytta til Haukøy og Bjørndal er ikkje med på grenselista i jordskifteboka / rettsboka). Det vart lagt opp til skogsveg / traktorveg frå Vetle Urdal til Nordre-marka på Vike for bnr. 1 og 2. Vegen frå Kvamsvatnet til Vikesæter låg til bnr.2. Ansvaret låg/ligg til bnr.2. 1982 var vegen ferdig.

Etter kvart vart bruken av hyttene på Vikasæter trappa ned.

Natt til 1. nyttårsdag 1993 var det storm og orkan på Vestlandet. Dei store grantrea som sto på nordvest-sida av hytta til Haukøy og Bjørndal fall ned over hytta og knekte ho delvis ned og delvis ut av grunnmuren. Hytta forfall.

I 1997 tok eg opp hytte-spørsmålet med den nye eigaren av bnr.3, Asbjørn Bjørndal, (son til Wollert Bjørndal) men han var lite innstilt på å rydda nedfallshytta og byggja ei ny hytte. Vi gjorde avtale den 23.mai 1997 om at eg overtok nedfallshytta for å rydda sæterhaugen.

I eit brev dagsett 26.mai 1997 frå Arvid Haukøy (son til Magne Haukøy) skreiv han "Vedr. hytte på Vikeseter" at "på vegne av arvingane fråskrive oss rettigheitane på Vikeseter"(ordrett sitat).

I siste haldel av 1990-åra vart det etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Lindås kommune og Statens Kartverk om registrering av matrikkel med grunnlag i digitalt eigedomskart. Kommunen skriv at her kan det ha skjedd ei feilregistrering av eigedomstilhøva.

2001 - overtok Rolf Mårstig bnr. 17 på Vikanes, men skyldelingspapira nemner ikkje hytta på Vikasæter.

I 2013 - altså, melding frå eigar av bnr. 17 om at bruket hadde ein matrikkelteig på Vikasæter.

I 2014 - i januar sende eg melding til kommunen med krav om retting av matrikkelen.

I 2014 - følgde kommunen opp med grunnngjeving og retting av matrikkelen.

I 2014 - Mårstig engasjerte advokat for å klage på vedtaket til Fylkesmannen, kopi til kommunen.

I 2014 - vart saka følgt opp av Lindås kommune med skriv til Mårstig og Fylkesmannen.

I 2015 - har fagetaten hjå Fylkesmannen vurdert situasjonen. Eg avtala å senda ei oversikt.

I 1970 til 1974 var alle som hadde interesser i/på Gnr. 219 og Vikasæter, samla i eit jordskifte. Jordskiftekartet og rettsboka for jordskiftet den 1.november 1974 er klåre.

Og Lindås kommune har gjeve ei klår vurdering og ein klår konklusjon om eigedomstilhøva - og held fast på vedtaket i/frå januar 2014 om å retta matrikkelen i samsvar med kravet frå eigar / heimelshavar bnr.2.

Med vennleg helsing

Jostein Vike



Vikanes 5. mai 2015

Vedlegg:

Kopi av matrikeloppgåve for Vike. Gnr. 219 i Lindås kommune, Hordaland fylke, 10.3.1965.

Kopi av avtale mellom Asbjørn Bjørndal og Jostein Vike den 23. mai 1997.

Kopi av brev om hytte på Vikeseter frå Arvid Haukøy 26.mai 1997.

Kopi av melding til Lindås kommune med krav om retting av matrikkelen 7. januar 2014.

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanadelinga

Matrikkeloppgave for Vike

Lordaland fylke

Gnr.	Bnr.	Gam. b. nr.	Skjeld. mark	Brükets navn	Eigarens navn	Når utsk.	utsk. for lov.	Merknad
219	1	A	2.96	Vike	Askjell Rasmus Askjellsen Vike			
	feste nr.			1 under lov. log 2	Knut Artun Skälnes			
	2	B	2.89	Vike	Ole Johannessen Vike d.y. v. Fritun	1894	1	
	3	C	0.04	Sannesset	Asbjorn Bjorndal og h. Ingeborg v	1894	2	
	4	D	0.03	Eikestalsteigen	Lars Johannessen Padloy	1924	4	
	5	E	0.01	Dampskibehaien	Indre Nordhordland Dampbaatlæg v	1925	1	
	6	F	0.01	Gravplassen III	Hosanger kommune	1929	1	
	7	G	0.40	Vikeholmen	Ola N. Toft	1929	2	
	8	H	0.27	Vikesund	Rolf Vikesund	1931	2	
	9	I	0.01	Vike Kyrkjegard II	Hosanger herred	1932	1	
	10	J	0.30	Sandneset	(Magnus) Reigstad v. Hordland lögum.	1932	2	
	11	K	0.15	Vikaneset	Johannes O. Urdal v	1933	8	
	12	L	0.04	Burkebakken	Ragnvald Rasmussen Vikesund	1937	4	
	13	M	0.01	Nesheim	Olav Olaisen Toen	1938	4	
	14	N	0.01	Ro	Johannes O. Urdal v	1938	4	
	15	O	0.01	Eikeberg	Ivar Vikesund v	1939	11	
	16	P	0.02	Fritun	Kroken Mällog v	1947	2	
	17	Q	0.08	Boen	Magne Haukøy og h. Brita v	1950	1	
	18	R	0.02	Gullnatten	Olaf E. Steen og h. Elvino v	1951	8	
	19	S	0.01	Burken	Magne Haukøy v		8	
	21	T	0.05	Inste Holsumfjættet, Sæveholdstuegum, Klendalstuegum	Ole J. Vike v	1962	8	
	22	Y	0.01	Hyttelien	Ole J. Vike Elsa Christin Verbing	1963	18	

AUTAKE

mellom

Asbjörn Björndal, eigar av qnr. 219 bnr. 3

19

Justein Vike, eigar av qnr. 219 bnr. 2

i kindas kommune

DEL AV HYTTE PÅ VIKASETRET

Underkjerne. Asbjörn Björndal, eigar av qnr. 219 bnr. 3 overdrer hermed min halv del av hytta på Vikasetret til Justein Vike, eigar av qnr. 219 bnr. 2.

Verdien av hyttedelen vert sett til kr. 0,00

Hytta er idelje omtala i nokre dokument, korkje i samband med jordskifte på Vike qnr. 219 av t.t. 1994 eller tidlegare.

Hytta står til medfall's ca 30 m syd-aust for bnr. 2 sitt seter. Ho bør rivast!

Vikanes 23. mai 1997

Asbjörn Björndal.

Justein Vike

Arvid Urdal Haukøy
Ytrebygdsv. 16
5060 Søreidgrend

Jostein Vike

Søreidgrend den 26. mai 1997.

5175 Vikanes.

Vedr. hytte på Vikeseter, på Vike gard i Lindås Kommune.

Eg har fått Kjennskap til at De har fått Underskrift av Asbjørn Bjørndal om at De overtar Asbjørn sin part i hytta. Eg vil minna Dykk om at i sameigelova står det at dersom den eine part selger har den andre part forkjøpsrett. Planen vår var at hytta skulle rivast og ei ny byggjast oppat med torvtak og som ville passa inn i terrenget.

Ein er heilt avhenging av godt naboskap. Me kan ikkje oppnå godt naboskap dersom me må med hjelp av lova ivareta våre interesser. På grunn av det ovannevnte vil eg på vegne av arvingane fråskriva oss rettighetane på Vikeseter. Me vil i sumar henta innbo som kan vera av interesse.

Med vennleg helsing

Arvid Haukøy

Arvid Haukøy

Kopi til:

Asbjørn Bjørndal
Magne Haukøy d.e.
Ingebjørg Haukøy

KRAV OM RETTING AV FEIL I MATRIKKELEN SOM IKKE KAN RETTES MED BRUKSTILFELLER

Skjema skal benyttes når det er oppdaget feil i matrikkelen som ikke kan rettes med tilgjengelige brukstilfeller i matrikkelen slik at de må rettes maskinelt. Det kan være feil som feil avgiver til en matrikkelenhet, manglende sammenføring eller feil involverte i en forretning der informasjon i matrikkelen ikke samsvarer med grunnbokens informasjon. Skjema sendes til brukerstøtte for matrikkel ved lokalt fylkeskartkontor.

Angivelse av hva som skal rettes:

Kommunenavn og -nummer	hindås 1263
Hvilke(n) matrikkelenhet gjelder det	219/17
Dato for forretningen som skal rettes	
Hva skal rettes i forretningen	219/2 sitt utmarksområde på Vikasævet.
Hvilke matrikkelenheter skal forretningen <u>slettes</u> på (involverte)	219/17 skal slettet på 219/2 sitt utmarksområde på Vikasævet.
Hvilke <u>matrikkelenheter</u> skal knyttes til forretningen (involverte)	219/17 og 219/2.
<u>Tilleggsopplysninger/</u> kommentarer	I 1970 - 1974 vart det gjennomført jordskifte på qnr. 219 i hindås kommune. Rettsboka av 01.11.1974 inneheld utgje nokon eigedom til 219/17 på Vikasævet.

Krav knyttet til retting

Endring på eksisterende forretning i matrikkelen er en retting etter matrikkeloven § 26. Retting føres vanligvis av kommunen, men kommunen kan overlate til andre å føre på vegne av seg etter matrikkeloven § 5a andre ledd. For den type feil det kreves retting av her kan ikke kommunen rette selv slik at kommunen må tillate at sentral matrikkelmyndighet retter/fører på vegne av kommune. Underskrift på skjema vil bli oppfattet som en aksept fra kommunen til retting/føring i matrikkelen på vegne av kommunen for denne saken.

Kommunens ansvar

Det er kommunen som lokal matrikkelmyndighet som formelt er ansvarlig for rettingen og varsling / underretning av parter som blir berørt av rettingen, selv om selve feilrettingen gjøres av sentral matrikkelmyndighet. Kommunen må også ta seg av eventuell klagebehandling dersom rettingen/føringen skulle bli påklaget. Den som setter fram kravet på vegne av ,

Kvadrak, 07.01.14
Justis Vik